



## Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGN DAL

# Møteprotokoll

**Utval:** **SOGN REGIONRÅD**

**Møtestad:** Brakanes Hotel, Ulvik

**Møtedato:** 24.06.2014

**Tid:** 10:00-12:30

### A. Desse møtte

<b>Faste medlemmar</b>
Harald N. Offerdal, ordførar Balestrand kommune (leiar)
Noralv Distad, ordførar Aurland kommune
Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune
Ole Simen Nesdal, varaordførar, Leikanger kommune
Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune
Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune
Olav Turvoll, varaordførar Vik kommune
John Normann Melheim, formannskapsmedlem Årdal kommune
Forfall: Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune
<b>Medlemmar</b>
Karina Nerland, dagleg leiar
<b>Andre</b>
Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord AS

### B. Innkalling godkjent utan merknader

### C. Protokoll frå møtet 7.5.2014 godkjent utan merknader

## **Sakliste**

Saksnr.	Arkivsaksnr.
	Tittel
<b>13/14</b>	13/3372 <b>Bustadmarknaden i Sogn - rapport</b>
<b>14/14</b>	13/3825 <b>Produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv - rapport</b>
<b>15/14</b>	14/1965 <b>Høyring - "Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov"</b>
<b>16/14</b>	14/2040 <b>Kommunereforma</b>
<b>17/14</b>	14/1895 <b>Finansering av prosjekt i Sogn regionråd</b>
<b>18/14</b>	14/746 <b>Orienteringssaker</b>

**Sak        13/14**  
**Bustadmarknaden i Sogn - rapport**

**Tilråding:**

Sogn regionråd tek rapporten «Bustadmarknaden i Sogn» til vitande og ber RUP-/næringsutviklingsgruppa vurdera vidare oppfølging.

**Vedtak:**

Sogn regionråd tek rapporten «Bustadmarknaden i Sogn» til vitande og ber RUP-/næringsutviklingsgruppa vurdera vidare oppfølging.

**Sak        14/14**  
**Produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv - rapport**

**Tilråding:**

Sogn regionråd tek rapporten for produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv til vitande og ber Visit Sognefjord bruka analysen for å utvikla Sogn som heilårs reisemål.

**Vedtak:**

Sogn regionråd tek rapporten for produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv til vitande og ber Visit Sognefjord bruka analysen for å utvikla Sogn som heilårs reisemål.

**Sak        15/14**  
**Høyring - "Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov"**

**Tilråding:**

Sogn regionråd sluttar seg til høyringsfråsegn til endringane i dei arbeidsretta tiltaka slik det ligg føre.

**Handsaming**

Noralf Distad gav si tilslutting til 1. avsnitt i fråsegna og reserverte seg mot resten av fråsegna. Dei andre representantane slutta seg til fråsegna.

**Vedtak:**

Sogn regionråd sluttar seg til høyringsfråsegn til endringane i dei arbeidsretta tiltaka slik det ligg føre.

**Sak        16/14**  
**Kommunereforma**

**Tilråding:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Handsaming**

Kommunereforma vil bli drøfta i kommunane og på felles formannskapsdag 5. september.

**Vedtak:**

Sogn regionråd har ikkje merknader til mandat for forum for kommunereforma (referansegruppa) slik den ligg føre.

**Sak        17/14**  
**Finansiering av prosjekt i Sogn regionråd**

**Tilråding:**

Ved oppstart av nye utgreiings-/ utviklingsprosjekt bør Sogn regionråd avklara prinsipielt om prosjekt der fleirtalet av kommunane er med skal gjennomførast av regionrådet med bruk av fellesmidlar eller bilateralt utan finansiering og ressursbruk frå regionrådet.

**Vedtak:**

Ved oppstart av nye utgreiings-/ utviklingsprosjekt bør Sogn regionråd avklara prinsipielt om prosjekt der fleirtalet av kommunane er med skal gjennomførast av regionrådet med bruk av fellesmidlar eller bilateralt utan finansiering og ressursbruk frå regionrådet.

**Sak        18/14**  
**Orienteringssaker 24.6.2014**

1. Leiar

- Felles formannskapsdag 5. september. Forslag til program vart omdelt i møtet.
- Ordførarsamling 11. september - ordførarane blei oppmoda om å gje innspel til aktuelle tema til dagleg leiar i god tid før samlinga.
- Rådet for samarbeid med arbeidslivet: Det vart orientert om den varsle strukturreforma innafor høgare utdanning i møtet den 21.5.2014.

2. Administrasjonen

- Orienteerte om «Sognefjordkonferansen – fisketom Sognefjord?» 5.-6. juni 2014. Det er m.a. aktuelt å oppretta ei interessegruppe for Sognefjorden.

3. Andre orienteringar:

- Avinor inviterer til informasjonsmøte om NTP-arbeidet med Lufthamnstruktur 4.9.2014. Leiar i Sogn regionråd deltek på møtet.
- E39: Det er aktuelt å invitera Statens vegvesen til å orientera om status for vegprosjekta for E 39 og konsekvensar for Sogn. Andre deltakarar: NHO/næringsliv og næringsnettverket
- Aust-vest konferansen: Fleire frå Sogn bør delta på slike konferansar.
- Rovdyrforvaltning – fråsegn frå regionrådet: Sogn regionråd sluttar seg til brevet som Luster kommune har sendt til departementet.
- Fylkesbudsjettet: RUP-/næringsutviklingsgruppa og samferdslegruppa bør orientera seg i høve arbeidet med fylkesbudsjettet i tida framover.

4. Produkt- og marknadsanalysen for heilårs reiseliv: Reiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord AS, orienterte om korleis dei vil følgja opp analysen.

**Skriv og meldingar**

1. Framtida for Sogn Jord- og Hagebrukskule, svar frå Landbruks- og matdepartementet av 12.6.2014. Referert.
2. Notat frå programstyret for System for styrka læring om samanheng mellom System for styrka læring og hovudprosjekt for felles PP-teneste i Sogn. Referert. Rådet meiner det er viktig at arbeidet blir koordinert.

Harald N. Offerdal  
leiar

Noralv Distad

Jarle Aarvoll

Karina Nerland  
dagleg leiar